



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dato: 31. mai 2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Høyringsuttale - Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal 2022-2027

Vi viser til plan for vassforvaltninga for Møre og Romsdal med høyringsfrist 31 mai 2021.

Innleiingsvis vil vi berømme myndigheitene om å gjere eit forsøk å samle utfordringane for vatnet vårt. Utfordringa er jo å gjere dette til ei realistisk plan slik at ein med plana kan svare på spørsmålet kven gjer kva når. Vi har brukt noko tid på å lese i dokumenta, hatt møter om temaet på nasjonalt plan samt at vi hadde eit møte i teams den 19 mai med fylkeskommunen sin representant som gjekk gjennom plana for oss. Vi vil i det følgande gi nokre innspel til plana.

På side 12 i Regionalt tiltaksprogram står det under punkt 2 Vannkraft og andre vassdragsinngrep, 2.1 Tilstand og utfordringer;

«Møre og Romsdal vassregion er naturleg godt egna for vasskraftutbygging. Vasskrafta bidreg med rein kraft, flomdemping og verdiskaping. Vasskraft påverkar flest vassførekomstar i regionen og i alle vassområda. Vasskraft påverkar både elver og innsjøar. Påverknaden er både i form av fysiske inngrep og endring i vassføring. Redusert vassføring, tørrlegging av elvestrekningar og nedtapping/oppdemming av innsjøar påverkar plante- og dyrelivet både direkte og indirekte.»

Vi saknar ei nøytral skildring av konsekvensar for miljøet ved ein vasskraftutbygging frå vår fylkeskommune. Den ovanfor nemnde tekst gir ikkje eit godt bilde av dei øydeleggingar av den fantastiske naturen i fylket vår som ei vasskraftutbygging tross alt er. Det bør ikkje vere ukjent at klassisk naturvern er knytt til vasskraftutbyggingar og Mardøla-fossen ligg i vårt fylke.

Anlegg for akvakultur på land har store dimensjonar. Naturvernforbundet har spurd om kvifor desse anlegga ikkje blir lagt inne i fjordane der straumen er lett å få tak i. Vi har då fått vite at dei må legge anlegget ytst mot leia for å få nok vassutskifting. Når vi ser dei tekniske



løysingane, så er det tale om store inntak av vatn, og tilsvarende utslepp. For anlegget planlagt på Tøfta på Averøya – ca. 7 gonger vintervassføringa nedst i Driva. Det blir sagt at dette ikkje påverkar livet i sjøen, t.d. tareskog og korallar. Det trur vi ikkje noko på. Det kan hende det tar litt tid, men dette vil verke inn på livet i sjøen. For anlegget i Averøy er det trass alt tale om nitrogen og fosfor tilsvarende 2-4 gonger behovet for Averøy. Vi saknar vurderingar av bruk av straum, infrastruktur, vassforbruk, utslepp mm. av anlegg for akvakulturanlegg på land.

Konsekvensane på naturen av vår nye nasjonale satsing oppdrettsæringa er mangslungen. Ein av dei konsekvensane vi fryktar mest er miljøgiftene. Vi får melding om at rekene har blitt borte frå fjorden, bestanden av krabbene minkar og krabbene blir deformerte. Det kan vere fleire årsaker, men det har auka på i same perioda som lakselus har auka som problem. Statens legemiddelverk er dei som godkjenner legemiddel til bruk i oppdrett etter vurdering av effektivitet, giftigheit, miljøeigenskapar, osb. Slik vi har forstått miljømåla for oppdrettsnæringa, skal legemiddelet «være optimalt effektive, ha god biotilgjengelighet for målararten og ikkje ha uakseptable miljøeffekter». Vi er djupt bekymra for korleis kjemikaliebruken i oppdrettsnæringa er handsama av offentlege myndigheiter. Det går ikkje an å løyse eit problem ved å skape fleire nye. Oppdrettsindustrien er avhengige av friske fjordar og i slike fjordar må det vere friske økosystem. Noverande medisinerer har for mange ukjente faktorar – vi kan ikkje bruke fjordane våre til eksperimentering. Vi har bevega oss langt over grensa for «akseptabel miljøeffekt». Vi har i eigne brev krevd stopp i bruken av medikament som hindrar skalskifte eller på annan måte påverkar ville artar når slike medikament kan sleppe ut av merdene. Viss dette fører til at lakselusnivået blir uakseptabelt, må fiskevolumet reduserast slik at ein får kontroll. Det er heilt uaktuelt å utsetje havet for eksperiment slik som no, der økologien kan kollapse. Vi forventar at ein som eit minimumstiltak sett overvaking av skaldyra våre inn i Regionalt tiltaksprogram for Møre og Romsdal vassregion.

Fysiske inngrep som utretting av elv, endringa av elveløp, flomvern, bekkelukking mm. er ei hovudutfordring i vassdraga våre. Vi saknar ei vurdering i plana av dette og at dette blir satt opp i tiltaksplana med kostnadsberekning i planperioda.

Vi har inntrykk av at utslepp frå gjødselskjellarar ikkje skjer særleg ofte lenger. Avrenning frå silokummar er heller ikkje så vanleg. Det som derimot har auka på og blitt vanleg er avrenning frå grasballar. Nokre gonger er grasballane lagra på trygge stader, men alt for ofte ligg dei på feil stad, med avrenning til vassdrag som resultat. Og plasten som ligg kring grasballane skal i teorien bli innsamla, medan vi høyrer om slik plast som blir brent, gravd ned eller lagt i ei søppelfylling på elvekanten.

Dei siste dagane i september er det noregsmeisterskap i gjødselspreiing, og det skuldast ikkje at det er finver på den tida. Dette er så seint på sesongen at gjødsla ikkje blir bruka opp av plantene. Altså eit betydeleg element av å kaste husdyrgjødsla ein stad det er lovleg. Dette er ikkje greitt, og ein del av dei lokale forskriftene har feil når det gjeld føresetnader for siste



tidspunkt for lovleg gjødsling. Vi saknar ei vurdering og prissetting av ei logisk gjødselsspreiing der møk som ressurs går inn i matproduksjonen vår og ikkje blir til forureining i vassdraga våre.

Den nye metoden for å snu jorda i landbruket er brakklegging før mekanisk behandling. Denne brakklegginga inneber bruk av gift som blir kalla plantevernmidlar/kjemikalier. Vi fryktar at bruken av denne gifta har dramatiske konsekvensar både på dei ville polinatorane samt fører til avrenning i vassdraga. Vi saknar i plana både ei vurdering av denne utfordringa samt konkrete mål for kva vi må gjere og kva dette kostar oss (tiltaksliste).

Salting av vegane fører til skader både på køyrety samt forureinar naturen. Det finst ein del strekningar der grøftevatnet frå vegane hamnar i vassdrag med elvemusling. Vi er ikkje overtydd om at dette går bra. Vi ber om at fylkeskommunen med sin miljø-/berekraftkomitee samhandlar med sin samferdselssektor og vurderer kost/nytte av vegsalting og sett vegsalting opp som eit tema på tiltaksplana i perioda 2022-2027.

Avløpa i våre byar og tettstader er styrt av kloakkrammeplaner. Diverre viser det seg at mykje av desse ikkje fungerer etter hensikta. Nyleg vart Ålesund kommune kvalitetssjekka for avløpsanlegga sine og Statsforvaltaren stadfesta at 17 av 19 reinseanlegg (grovrensing) fungerte ikkje. Vi har ikkje noko dokumentasjon som tyder på at dei øvrige kommunane i fylket er betre. Vi saknar i vannforvaltningsplana at dette med avløp blir satt i system og at tala i form av kroner til investeringar og drift kjem fram i handlingsplana for perioda 2022-2027.

Mange av vassdraga våre er regulert for kraftproduksjon. Ein del av desse utbyggingane har gamaldagse vilkår som treng fornying som er meir i tråd med dagens kunnskapsnivå om natur og ålmenta sine interesser. I 2013 vart det laga ein rapport frå NVE og Milljødirektoratet for å kartleggje og vurdere dei mange gamle vassdragsreguleringane i landet vårt. Formålet var å systematiserte ein revisjon for å betre miljøforholdene i dei regulerte vassdraga. Den viste at innan 2022 kan vilkåra i 395 norske vassdragskonsesjonar fordelt på 187 vassdrag takast opp til revisjon. For vårt fylke er det 21 vassdragsreguleringar som det er mogleg å fremje konsesjonskrav om innan 2022:



Tabell 7.8. Oppsummering av resultater fra gjennomgang av vassdrag i Møre og Romsdal.

Vannregion - revisjonsobjekt - vassdrag			Prod.	Verdi/påvirkning				Aktuelle tiltak				Anslått krafttap (Q95)			Annet		Kat.
Vannregion	Rev.ID	Vassdrag/ revisjonsobjekt	Prod. kraftverk GWh/år	Samlet VPS_gr	VP_Fisk/fiske	VP_Naturmangfold	VP_Landskap/ friluftsliv	Minstevannføring	Driftsvannføring	Magasinestr.	Andre	KT_gr	GWh/år	% av prod.	Fleråsmagasiner	Flomutsatte omr.	PRIORITET
Møre og R.	601	Surnavassdraget (Folla-Vindøla)	960	5	4	3	4	x	x	x	x	2	20-50	< 5	N	J	1.1
Møre og R.	604	Aura/Eira (Aurareguleringen)	1964	5	5	4	5	x		x		3	75-100	< 5	N	N	1.1
Møre og R.	605	Tafjordvassdraget (Tafjordutbyggingen)	1259	5	1	1	5	x		x		2	75-100	< 5	J	N	1.1
Møre og R.	606	Drivavassdraget, Festa-Vindøla	602	5	2	3	5	x				5	75-100	> 10	N	J	1.2
Møre og R.	607	Raumavassdraget	680	5	5	3	5	x				2	5-20	< 5	N	J	1.2
Møre og R.	608	Svorka/Bævra	117	2	3	1	1	x				1	< 5	< 5	N	N	1.2
Møre og R.	610	Innfjordelva	48	4	4	1	3	x	x			2	< 5	5-10	N	N	1.2
Møre og R.	602	Istadvassdraget	26	2	1	3	1										2.1
Møre og R.	603	Tusseelva (Tyssa)	260	2	1	1	3										2.1
Møre og R.	609	Grytåa	24	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	611	Fausaelva/Ramstaddalselva	44	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	612	Riksheimelva	35	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	613	Skarselva (Storelva)	14	2	1	3	1										2.1
Møre og R.	614	Brandalselva	42	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	615	Åmelavassdraget	131	2	1	1	3										2.1
Møre og R.	616	Dalselva (Litebøelva)	25	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	617	Mørevassdraget (Austefjordelva)	30	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	619	Gjerdsvikvassdraget	10	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	618	Ørstavassdraget (Storelva)	44	1	2	1	1										2.2
Møre og R.	620	Ålvundelva (Ulvåa)	75	2	1	1	3										2.2
Møre og R.	621	Verma	65	2	1	1	3										2.2

Tabell - Vannkraftkonsesjoner som kan reviderast innan 2022 - Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering (frå side 63)

Som ein ser av tabellen er det satt opp ei prioritering av vassdraga ut frå gjevne føresetnader og ein metodikk utvikla av dei to direktorata. Fisk/fiske er særleg vektlagt, men også naturmangfold, landskap og friluftsliv er viktig. Vidare viser tabellen at det mest aktuelle tiltaket som kan gjerast for å forbetre miljøet er å sette ei minstevassføring. Etter det, ei regulering av driftsvatnet som blir køyrd og så reguleringa av vassmagasinet der det er aktuelt.

FNF Møre og Romsdal laga eit informasjonsbrev 12.03.2021 knytt til desse vassdraga og moglegheita for å krevje revidering innan 2022. I dette skrivet gjorde vi greie for at vårt syn på landskapet, vår form for friluftsliv og opplevingskvalitetar av natur er under stadig endring. Det betyr fort at vår verdsetting av desse kvalitetane vil føre til eit anna resultat i dag enn som var tilfelle ved tidlegare vassdragsreguleringar. Vi har no ei moglegheit til å få vurdert slike ålmenne interesser ved ein revisjon.

No er det slik at eit kvart revisjonskrav vil bli vurdert før det eventuelt blir ført vidare. For sjølv om hovudformålet med revisjonane er å forbetre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å sette nye vilkår, krevs det at kraftproduksjonen ikkje blir vesentleg redusert. Vi les av dette at NVE vil nok syte for at avveginga mellom pengar og natur blir gjort. Samstundes trur vi at



ved å tenkje heilt nytt, eks ved minstevassføring blir sleppt meir målretta i økologisk viktige perioder og mindre utanom desse periodane kan ein ofte oppnå betydeleg gevinst, både økologisk og økonomisk.

Vi les at denne vannforvaltningsplana heng i hop med andre viktige faktorar i vannarbeidet; EUs vannrammedirektiv, vilkårsrevisjon av vassdragsreguleringar og FN sine berekraftsmål. For oss er det difor rart at allereie i høyringsbrevet til vannforvaltningsplana blir det uttrykt; « *I høyringsutkast er Svorka/Bævra einaste vassdrag prioritert for minstevassføring, medan Raumareguleringa (Mardøla) og Taffjordvassdraget ikkje vart prioritert.* » Kva er beveggrunnane for at desse vassdragsrevisjonane (unnteke Svorka/Bævra) ikkje vart prioritert ? Dette forstår vi berre ikkje då mange eldre vannkraftkonsesjonar manglar eller har svært begrensa naturforvaltningsvilkår. I mange eldre konsesjoner vil ein fortsatt vere forhindra frå å gjennomføre ein kunnskapsbasert forvaltning med målretta tiltak dersom desse ikkje får moderne naturforvaltningsvilkår. Med re-opning av laksefisket i Rauma elv 1 juni 2021 er det fint om også revisjon av Grytten-reguleringa blir satt opp på tiltakslista i Regionalt tiltaksprogram for Møre og Romsdal vassregion ja.

FN har bestemt at 2021-2030 skal være verdens tiår for restaurering av økosystemer.

Naturrestaurering er tiltak for å reparere og forbetre natur og økosystem som er øydelagt eller forstyrta. FN ønskjer at tiåret for naturrestaurering skal gi eit verkeleg løft til arbeidet med å restaurere skada og øydelagt natur. Vi ønskjer at vannforvaltningsplana skal ta inn over seg dette tiåret som FN har spesifisert til restaurering av økosystem.

Vår fylkeskommune seier i sine høyringsdokument at 82 % av dei naturlege vassførekomstane i Møre og Romsdal vassregion har «god økologisk tilstand» eller «svært god tilstand» og oppnår måla i vassforksrifta. Det resterande vatnet må ha tiltak for å oppnå miljømålet og det er her det må fokuserast. Fylkeskommunen seier at dei 5 største hovudutfordringane i regionen er vasskraft, fiskeri og akvakultur, jordbruk, avløp og urban utvikling. Til saman er det foreslått 300 tiltak i tiltaksprogrammet med ei førebels investeringskostnad anslått til over 550 millionar kroner. Vi les at av desse er 465 mill tenkt til opprydding av forureina grunn og 50 mill til gyro i Drivaregionen. Då står det ikkje att mykje (6,4 %) på tiltakslista for å gjere elementær opprydding i fylkets avløpsanlegg, landbruk, akvakultur, vasskraftsutbygging mm. Oppi alt har planeigaren fylkeskommunen teke atterhald om at oppryddinga av forureina grunn (verfta/industri) krev ekstern (?) finansiering, med andre ord er (465/550=) 85 % av alle tiltak på tiltakslista satt til sides.

FNF har i åras løp teke opp konkrete lokale saker som rører ved vassforvaltninga. Som eit døme på korleis FNF har prøvd dette legg vi ved eit eks frå Sunnmøre (Vågevatnet i Sula kommune, sjå vedlegg) for ei sak der vi har prøvd realpolitikken/innhaldet i vassforvaltningsplanane. Denne saka er enno ikkje svara ut og status er for oss ukjent. Vi trur diverre at denne konkrete saka frå Sula ikkje er unntaket av regelen, men er representativ for utfordringa. Kanskje ligg nett her svaret på spørsmålet på kvifor ikkje det er større lokalt



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

engasjement for ei regional plan om vatnet i fylket vårt ? Medverknad er vanskeleg og det blir vel ikkje betre av å lage enno ei fylkesplan som viser manglande handlingsevne.

Konklusjon

FNF uttaler seg stadig om konkrete saker som har betydning for vatnet både i ferskvatn, brakkvatn og marint vatn. Vi kunne sjølvsagt med fordel sett at alle desse enkeltsakene gjekk inn i ei heilheitleg plan. Men med ei plan som denne der planeigar sjølv slepp prinsippet om «forureinar betaler» for (465/550=) 85 % av tiltak i kroner, blir jo dette feil. Vi forventer at ei plan er realistisk i sine tiltak. Elles trur vi nok ei oppdeling av plana slik at kommunane, interesseorganisasjonane mm. kjenner seg att ville vore ein fordel for medverknaden. Og det er også ein fordel for medverknaden for ei slik samla plan at ein har handlingsevne for konkrete saker som gjeld vatnet vårt.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi (u/vedlegg): Kommunane i Møre og Romsdal